

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 26.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.03.2021

## Meldingar og orienteringar i Utval for næringsutvikling og drift 10.03.2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Skriv her»

### Utval for næringsutvikling og drift 10.03.2021:

#### Handsaming:

Formannskapet deltok under presentasjonen av Scenarioanalyse for Nordhordland. Utval for næringsutvikling og drift godkjende at medlemmane i formannskapet fekk talerett i tilknytning til denne presentasjonen.

- Scenarioanalyse Nordhordland: Presentasjon v/ Vegard Sjursen og Maren Kamlund-EY, og Baste Tveito-dagleg leiar i Nordhordland næringslag
- Grønn plattform: Orientering v/dagleg leiar Børge Brundtland-IUV
- Nordhordland Unesco biosfæreområde/prosjekt Grøn verdiskaping: Orientering v/Kari Natland-NUI
- Tilskotsordning spesielle miljøtiltak i landbruket - SMIL: Orientering v/Laila Bjørge-rådgjevar landbruk
- Reinseanlegg Knarvik: Statusoppdatering v/Line M. Valle-leiar eigedomsforvaltning
- Mindre prosjekt kontra større prosjekt: Orientering v/Anny Bastesen-kommunalsjef
- Status kapasitet plan og byggesak: Orientering v/Anny Bastesen-kommunalsjef
- Utvalsleiar Stian Lavik orienterte kort om innspel frå lokale bønder om felling av hjort. Han informerte om at det blir jobba med og vurdert endringar i valdstruktur og uttak av dyr,

#### Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg:

*Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.*

*Utvalet vil peika på viktigheita av at regional satsing på næringsutvikling må ha Fensfjordbassenget som hovudmotor. Det må reflekterast og vurderast korleis ein kan leggja godt til rette for å følgja anbefalingane frå Scenarioanalysen, til dømes med tanke på val av strategiske hovudfokus, merkevareposisjonering og marknadsføring av Nordhordland, og rolleavklaringar mellom regionalt nivå, kommunalt nivå, industriutviklingselskap, og næringslivet generelt.*

*Utvalet ser med stor interesse på forprosjektet for Grønn plattform og potensialet for hovudprosjekt og bed om at ein blir orientert vidare etter kvart som det er naturleg i vidare framdrift.*

*Utval for næringsutvikling og drift vil peika på viktigheita av at næringslivet blir godt involvert i arbeidet med Nordhordland UNESCO Biosfæreområde framover. Dette vil vera avgjerande for å få med den livskraftige omstillinga til grøn industri som foregår i Nordhordland som ein sterk motor i biosfæreperspektivet.*

*Utvalet takkar for oppfølginga kring handsaming av byggesaker og relatert sakshandsaming i kommunen. Forseinkingar i dette er svært alvorleg for næringslivet, og det er derfor avgjerande at sakshandsaminga er tilstrekkeleg rask og god. Utvalet vil be administrasjonen om å fortsetja å følgja dette opp for å handtera situasjonen, i tråd med tidlegare vedtak.*

*Utvalet ber om at det vert gjeve regelmessige orienteringar for status på mindre prosjekt når det er naturleg, og minst to gongar i året - i forkant av budsjett og revidering av budsjett.*

*Utvalet vil peika på viktigheita av å sikra godt nok uttak av vilt i landbruksområda i kommunen, og vil be om at administrasjonen følgjer opp dette tett, både med tanke på tenleg struktur og system og faktiske fellingsløyve. Utvalet ber om i neste utvalsmøte å få ei orientering om dette og korleis det påverkar landbruket som næring.*

Framlegget frå utvalsleiaren vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.

Utvalsleiaren sitt framlegg fekk 7 røyster og vart vedteke.

### **ND- 034/21 Vedtak:**

*Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.*

*Utvalet vil peika på viktigheita av at regional satsing på næringsutvikling må ha Fensfjordbassenget som hovudmotor. Det må reflekterast og vurderast korleis ein kan leggja godt til rette for å følgja anbefalingane frå Scenarioanalysen, til dømes med tanke på val av strategiske hovudfokus, merkevareposisjonering og marknadsføring av Nordhordland, og rolleavklaringar mellom regionalt nivå, kommunalt nivå, industriutviklingselskap, og næringslivet generelt.*

*Utvalet ser med stor interesse på forprosjektet for Grønn plattform og potensialet for hovudprosjekt og bed om at ein blir orientert vidare etter kvart som det er naturleg i vidare framdrift.*

*Utval for næringsutvikling og drift vil peika på viktigheita av at næringslivet blir godt involvert i arbeidet med Nordhordland UNESCO Biosfæreområde framover. Dette vil vera avgjerande for å få med den livskraftige omstillinga til grøn industri som foregår i Nordhordland som ein sterk motor i biosfæreperspektivet.*

*Utvalet takkar for oppfølginga kring handsaming av byggesaker og relatert sakshandsaming i kommunen. Forseinkingar i dette er svært alvorleg for næringslivet, og det er derfor avgjerande at sakshandsaminga er tilstrekkeleg rask og god. Utvalet vil be administrasjonen om å fortsetja å følgja dette opp for å handtera situasjonen, i tråd med tidlegare vedtak.*

*Utvalet ber om at det vert gjeve regelmessige orienteringar for status på mindre prosjekt når det er naturleg, og minst to gongar i året - i forkant av budsjett og revidering av budsjett.*

*Utvalet vil peika på viktigheita av å sikra godt nok uttak av vilt i landbruksområda i kommunen, og vil be om at administrasjonen følgjer opp dette tett, både med tanke på tenleg struktur og system og faktiske fellingsløyve. Utvalet ber om i neste utvalsmøte å få ei orientering om dette og korleis det påverkar landbruket som næring.*

### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

### **Saksopplysningar:**

Det vert lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

1. Scenarioanalyse Nordhordland – presentasjon
2. Grønn plattform – orientering v/dagleg leiar Børge Brundtland-IUV
3. Nordhordland Unesco biosfæreområde knytt til grøn næringsutvikling – orientering v/Kari Natland/Kjersti Isdal-NUI
4. Startegi tilskotsordning SMIL – landbruket v/Laila Bjørge
5. Status alternativ-vurdering reinseanlegg Kvassneset v/Line M. Valle
6. Mindre prosjekt kontra større prosjekt – orientering v/Anny Bastesen
7. Status på kapasitet plan og byggesak v/Anny Bastesen
8. Synfaring Alverland